

## Attraksjonar langs den kongelege postvegen

Postvegen er i dag ein fin spasertur på omlag 5,5 km med utsikt til fjord og fjell og bygdene på den andre sida av fjorden: Dyrdal, Tufto og Bakka. Utgangspunktet er Styvi med gardsmuseum og kafeteria.

Går du frå Styvi til Bleiklindi kan nemnast følgjande attraksjonar:

- Galden er eit bratt og smalt parti. her ligg vegen på steinmurar som går ut i sjøen.
- på Klungrenes står ei gamal høyløe. Her slo dei, hausta lauv frå bjørk, plukka hasselnøtter og hogg tønneband.
- Odnas var ein del av slåttemarka på Styvi.
- på den andre sida av fjorden ser de Breiskreda. Det lyse fjellet (anorthositt) gjer at raset frå 1983 er tydeleg. Det går stadig ras her
- på Holmo opnar landskapet seg. Her var slåttemark og vårstøl for Styvi. Her ligg også den store gravrøysa frå bronsealderen. Du kan og prøva eit bad i fjorden her.
- Bleiklindi er eit lindetre som vart freda som naturminne i 1933 fordi det sprett med gule blad og fell grøne blad om hausten.

Postvegen sluttar ved kaia ved Bleiklindi. Du kan gå tilbake til Styvi, eller reisa med båt frå den nye kaien.

## Styvi

Garden Styvi ligg på austsida av den kjende og storslegne Nærøyfjorden. Her har det budd folk sidan vikingtida. Husdyrhald har vore hovudlevevegen i fleire generasjonar. Styvi har og vore skyss- og postgard.

Den fyrste turisten var ein fransk kunstnar, som kom til Styvi alt i 1799. Han gjekk postvegen frå Gudvangen til Bakka, fekk skyss over fjorden og gjekk vidare frå Bleiklindi til Styvi. Fyrst i 1993 er garden opna som eit gardsmuseum med stor samling av reiskap og innbu.




Styvi gard

Denne brosjyren er utgjeven av  
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Styvi Gardsmuseum

Framsidedfoto: Tom Dybwad  
Baksidedfoto: Sviggum Foto

# STYVI

## GARDSMUSEUM



NÆRØYFJORDEN  
LANDSKAPSVERNOMRÅDE

## Velkomen til Styvi og Styvi gardsmuseum!

På museet er det ei stor samling av innbu og reiskap frå gards- og stølsliv og dagleglivet elles. Du får sjå deg om i stova på garden og i stabburet, og elles få kjennskap til korleis folk levde her for 100-150 år sidan. Av dei meir særreigne tilboda, vil vi nemna produksjonen av bastatog (lindebast) som kan demonstrerast om vi får vita det på førehand. Og så kan du sjå den kjende isbåten med meiar som vart brukt til posttransport når isen var utrygg.

På Styvi har det budd folk sidan vikingtida. I mellomalderen var det 3 bruk her. Men etter Svartedauden har det aldri vore meir enn to bruk.

Garden Styvi ligg i Nærøyfjorden landskapsvern-område. Det er fyrst og fremst den urørde, dramatiske naturen forma av isbrear og med eit verdfullt kulturlandskap som har ført til vernevedtaket.

På Styvi fiinn du eit av verdas minste postkontor,, med postempel herifrå vert postkort ein filatelistisk godbit. Postadressa er 5748 Styvi.

På Styvi kan me tilby enkel servering frå kafeteria. Billett til museet kostar kr. 20,-.

Til Styvi kjem du berre med båt eller ferje. Det er fleire daglege samband frå Kaupanger, Lærdal, Gudvangen, Aurland og Flåm.

Informasjon: På båtane eller turistinformasjonen i Aurland, tlf. 57 63 33 13.

## Nærøyfjorden

Fjorden er 17 km lang med vill og imponerende natur. Snøklede fjell opp i 1700 moh og ein fjord som berre er 250 m på det smalaste har trollbunde turistar frå alle verdshjørne. 25 fossar og elvar stuper nedetter fjellsidene. Urørd natur og spesielle kulturminne i eit særmerkt kulturlandskap gjer Nærøyfjorden heilt spesiell både med norske og internasjonale auge. Området er òg botanisk interessant. Det er over 100 fugle- og dyreartar i området, m.a. kongeørn og selarten steinkobbe.

Dei store verneverdiane har ført til opprettinga av Nærøyfjorden landskapsvernområde som ein del av ein ny landsplan for nasjonalparkar i Norge. Området er nominert til Unesco's Verdsarvliste (World Heritage List).

## Kulturlandskap og kulturminne

Området ved Nærøyfjorden har lange busetjingstradisjonar. Dette ser ein att i kulturlandskapet med lauvingstre, slåttemark og gamle bygningar og tufter. Dette er spor etter stor arbeidsinnsats for å livberga seg. Det har ikkje vore lett i eit fjordlandskap forma av veldige ismassar på veg mot havet. Bakom tindane ligg høgfjellsviddene med spor etter reinsdyrjakt i fleire tusen år. På Holmo ligg ei freda gravrøys frå bronsealderen som vitnar om den tidlegaste busetjinga langs Nærøyfjorden. Husa langs fjorden er bygde av tre og stein, dvs. naturmateriale frå området.

## Posttransport

Den ca. 5,5 km lange kongelege postvegen frå Bleiklindi til Styvi er ein del av det gamle postrutenettet mellom Oslo og Bergen. Veggen vart bygd i 1660 og brukt fram til dampbåtane kom kring 1860. Veggen vart bygd avdi det var is på fjorden om vinteren.

Posten kom frå Bergen til Voss-Stalheim-Gudvangen og til Bakka. Frå Bakka til Bleiklindi gjekk posten med båt. Når det var utrygg is, vart ein spesiell isbåt brukt. Posten vart så boren frå Bleiklindi til Styvi. Vidare gjekk posten med båt til Lærdal og herifrå vidare til Oslo.


Det var bøndene på Styvi som rodde posten frå Styvi til Lærdal og post tilbake som kom frå Oslo. Heilt frå 1645 vart bøndene på Styvi tiltulerte som postbønder, og dei var fritekne for militærtjenesta fordi dei var Kongen sine tenarar.

Den siste isbåten som vart brukt i postføringa frå Bakka til Bleiklindi når isen var utrygg, står på museet på Styvi.

Postføringa over Styvi vart nedlagd då dampbåtane kom i 1858. Det eldste papiret er ein diplom frå 1396 då det var 3 bruk på Styvi.

# STYVI

## GARDSMUSEUM



NÆRØYFJORDEN  
LANDSKAPSVERNOMRÅDE